

## Årsmelding Sandøy I.L. 1995

Sandøy idrettslag har hatt eit driftsår på det jamne, samanlikna med tidlegare år. Medlems-talet ligg i underkant av 90, stort og smått medrekna. Dette er omlag det same som elles på 90-talet.

Reint sportsleg er det fotball- og bringruppa som har vore mest aktive, også det litte mennesket vi har sett dei seinare åra. Imidlertid er vårt mål å gje breidde i idrettstilbodet, og derfor er det gladeleg å konstatere at det pr. dato er i aksjon heile tre grupper som tek i bruk gymnastikk salen på kveldstid.

I år har styret bestått av fylgjande: Petter Sande (leiar), Åge Worren (nestleiar), Svein-Helge Bringsvør (kasserar), Jonunn Tren Worren (styremedlem) og Endre Vorren (sekretær). Vi har hatt 6 styremøte gjennom driftsåret, og samarbeidet har vore det beste.

For inntektsfremjande tiltak må vi i år igjen fastslå at bingo'en på Fiskarheimen har slått positivt ut for klubbkassa. Frå april til august var det bingo mest kvar emarte helg, og responnen frå deltakarane har vore god. Bingoen ògleine gav eit overskot på over 8.000 kroner, og det ser ut som vi satsar på dette tiltaket også i 1996.

Styret har i år oppmøda bringruppa om å legge fram eiga årsmelding, mellom anna fordi denne delen av idrettslaget er den klart største og engasjerer alle på øya.

Når det gjeld fotballen, opplevde A-laget ein vænnskeleg sesong. Ein frø for tyrm spelarstall vart ytterlegare redusert framfor seriestart, og dei sportslige resultatane var svake. Seniorlaget skal likevel ha honnør for at dei heldt sesongen ut!

J år vart det for første gong på fleire år, ein sesong utan Sandøy-cup. Alt var i grunnen klart, men mykje nedbør dagane for cupen, gjorde at vi måtte avlyse. A-laget var heller ikkje på Sandøcup i Gjerdsvika, som også vart avlyst.

Når det gjeld fotball-tilbodet til dei yngste, har Tor-Arne vore i aksjon med ein gjeng også i år. Laget var på Åram-cup, og har dessutan spelt treningskampar. Neste år ser det ut som vi melder på lag i kretsserien, noko vi vonar vil vere ei gladeleg melding for dei yngste fotballspelarane.

Det må også nemnast at nokre spelarar har vore med på Kvamsøy og Åram. Dette gjeld aldersbestemte lag.

Sandøy IL har i 1995 arrangert 1 tombola, i tillegg til at A-laget har gått rundt med lodd-bok. J år har vi ikkje arrangert noko danse-arrangement. Vi kan også nemne at A-laget har kjøpt inn nye treningsdrakter. Sistnemnde tilbod var ope for alle.

Vi viser altså til eiga årsmelding frå trimgruppa, og til eige ark for årsrekneskapen.

14. november 1995, Sandøy I.L.

K. V.